



## MØTEREFERAT

<b>Prosjekt: 257000 Kulturhus og basseng</b>	<i>Møtetype</i> <b>Kommunestyrets referansegruppe – KR-02</b>			
<i>Møtedato</i> 19.10.2016	<i>-tid</i> 09:00-10:30	<i>-stad</i> Kommunehuset	<i>Referent</i> Jon-Gunnar Gjelberg	<i>Ref. dato</i> 25.10.16

<i>Avdeling</i>	<i>Deltakar</i>	<i>Fork</i>	<i>Tils.</i>	<i>Kopi</i>	<i>Innkallast neste møte</i>
Ordfører	Bernhard Riksfjord	BR	X	X	
Leiar Livsløp	Atle Ræstad	AR		X	
Politikar	Heidi Løklingholm	HL	X	X	
Leder/hovedtillitsvalt	Elin Synnøve Engdal	EE		X	
Fagforbundet Aukra					
Rådmann	Ingrid Husøy Rimstad	IHR	X	X	
Kommunalsjef drift- og forvaltning	Jan Erik Hovdenak	JEH		X	
Kommunalsjef plan og utvikling	Geir Gøncz	GG		X	
Utbyggingsavdeling	Terje Urdshals	*PA	X	X	
	Jon-Gunnar Gjelberg	*PL	X	X	
Referat også sendt til:					
Kulturavdelinga	Anne Jorunn Sandøy	*BK			

### *Opplysningar - info*

I feltet over deltakarar det nokre forkortingar med \*:

BK: Brukarkoordinator

PA: Prosjektansvarleg

PL: Prosjektleiar

PM: Prosjektmedarbeidar

Vedlegg:

1. Høyringsdokument
2. Plannemnda sin rapport til kommunestyret av 22.05.2013
3. Utkast til Driftsplan datert 17.11.2014
4. Uttale frå Forsamlingshuset Soltun AS
5. Uttale frå Gossen barne- og ungdomsskole
6. Uttale frå Kulturavdelinga
7. Vurdering av sambruk

Sak	Tekst	Ansv.	Frist
<b>KR-02.0</b>	<b>GODKJENNING AV REFERAT FRÅ MØTE NR. 1</b>		
	<p>Ingen merknadar på referatet frå møte nr. 1.</p> <p>Innspel på at svara frå høyringa burde vore sendt ut til deltakarane før møtet.</p> <p><i>Kommentar: Prosjektleiinga er samt i dette og beklagar at dette ikkje var sendt ut!</i></p>	Info	
<b>KR-02.1</b>	<b>ALTERNATIVE LØYSINGAR</b>		
	<p>Rådmannen orienterte som kjent kommunestyret om status og vidare framdrift i K-sak 71/16 den 6. september 2016. Frå saksframlegget:</p> <p>«Prosjektet har fleire ulike brukergrupper som må takast med i prosessen på ein god måte. Dette vil prosjektorganisasjonen arbeide meir med og legge fram alternative romprogram, kostnadsoppsett og oversikt over følger for driftskostnadene for kommunestyret i november 2016. Rådmannen legg da fram sitt forslag til revidert prosjekt med alternative løysingar. Under dette også eit alternativ 4 med mest mogeleg sambruk av areal skule/kulturskule.»</p> <p>Alternativ 4 var ikkje lagt fram for interne rådgjevarar og kommunestyrets referansegruppe før kommunestyremøtet 6. september 2016.</p> <p>Utbyggingsavdelinga har etter vedtak i kommunestyret sett på eit forslag korleis alt. 4 (sambruk av areal i skulen) konkret kan løysast. Det er gjennomført to arbeidsmøte der skule, kulturskule og bibliotek har deltatt.</p> <p>Det har vore høyring for interne brukarar i kommunen, Aukra Idrettsråd, og Soltun. Høyringsbrevet blei presentert for brukarane 4. oktober og sendt ut 5. okt. 2016 med høyringsfrist tysdag 11. oktober kl. 13:00. Sjå vedlagt høyringsbrev.</p> <p>Prosjektleiinga ynskja spesielt tilbakemelding på:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li><input type="checkbox"/> Plassering av skulebibliotek?</li> <li><input type="checkbox"/> Oppfyller dei ulike alternativa målsettinga?</li> <li><input type="checkbox"/> Kva er viktigast for prosjektet om noko skal prioriterast?</li> <li><input type="checkbox"/> Alle alternativa legg opp til stor grad av sambruk av lokalar for ulike brukergrupper. Dette gjeld spesielt for alternativ 4 som har sambruk av eksist. lokalar i skulen. Tankar og synspunkt?</li> <li><input type="checkbox"/> Omfang på ulike variantar av folkebad. Fordelar og ulemper ? <ul style="list-style-type: none"> <li>• Undervisning?</li> </ul> </li> </ul>		

Sak	Tekst	Ansv.	Frist
-----	-------	-------	-------

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Folkebad?</li> <li>• Terapi?</li> <li>• Opplæring/trening med 25m basseng?</li> </ul> <p>Dei ulike alternativa var omtalt slik:</p> <p><b>1. Folkebad (12,5m) og erstatning for Soltun</b> Kulturhusdel på til saman ca. 2400m<sup>2</sup> BTA (brutto). Inkluderar salar og støttefunksjonar, kjøkken, fellesareal og folkebibliotek. Kulturskulen og frivilligsentral er ikkje med her. Skrivestua (sjå vedlagt førebels Driftsplan) er da redusert frå 200m<sup>2</sup> til 130m<sup>2</sup> netto). Basseng på 12,5x9,5m med fire banar (som i dag) inkl. mindre barnebasseng (35m<sup>2</sup>).</p> <p>Brutto prosjektkostnad:</p> <p style="margin-left: 40px;">Folkebad 38 500 000 Kulturdel 99 876 000 <u>Sum 138 376 000</u> (*+ ca. 7,5 mill.) -10 000 000 Private aktørar -4 500 000 Tippemidlar -34 594 000 MVA <u>Sum 89 282 000 (netto prosjektkostnad)</u> (*+ ca. 5,6 mill.)</p> <p><i>*Kommentar: Auka kalkyle for dette alternative (jfr. orienteringa i K-sak 71/16. Kvalitetssikring av areal viste at delar av programmet ikkje var med.</i></p> <p><b>FDV-kostnad</b></p> <table style="margin-left: 20px;"> <tr> <td>Kulturdel</td> <td>1 339 800,-</td> <td>2436m<sup>2</sup> BTA kr. 550.-/år</td> </tr> <tr> <td>Basseng</td> <td>845 000,-</td> <td>1300m<sup>2</sup> BTA kr. 650.-/år</td> </tr> <tr> <td>Sum</td> <td>2 184 800,-</td> <td></td> </tr> </table> <p>Relativ 0,-</p> <p>FDV-kostnad for dette alternativet er vurdert til ca. 2,2 mill. pr. år. For å samanlikna FDV-kostanden med dei andre alternativa, er «Relativ» FDV-kostnad oppgitt. Den er her 0,- sidan det er dette alternativet (alt. 1) vi brukar som referanseverdi.</p> <p><b>2. Folkebad (12,5m) og erstatning for Soltun, frivilligsentral, og kulturskule</b> Kulturhusdel på til saman ca. 3080m<sup>2</sup> BTA (brutto). Inkluderer salar og støttefunksjonar, kjøkken, fellesareal, folkebibliotek, frivilligsentral, og kulturskule. Folkebad som alt. 1.</p>	Kulturdel	1 339 800,-	2436m <sup>2</sup> BTA kr. 550.-/år	Basseng	845 000,-	1300m <sup>2</sup> BTA kr. 650.-/år	Sum	2 184 800,-			
Kulturdel	1 339 800,-	2436m <sup>2</sup> BTA kr. 550.-/år										
Basseng	845 000,-	1300m <sup>2</sup> BTA kr. 650.-/år										
Sum	2 184 800,-											

Sak	Tekst	Ansv.	Frist
-----	-------	-------	-------

	<p>Brutto prosjektkostnad:  Folkebad 38 500 000  Kulturdel 126 280 000  <u>Sum 164 780 000</u>  -10 000 000 Private aktøtar  -4 500 000 Tippemidlar  -41 195 000 MVA  <u>Sum 109 085 000</u> (netto prosjektkostnad)</p> <p><b>FDV-kostnad</b>  Kulturdel 1 694 000 3080m2 BTA kr. 550.-/år  Basseng 845 000 1300m2 BTA kr. 650.-/år  Sum 2 539 000  Relativ 354 200 Meir enn alt. 1 pr. år</p> <p><b>3. Folkebad jfr. oppstartsvedtak (nov-2013),  erstatning for Soltun, frivilligsentral og kulturskule.</b>  Kulturhusdel på til saman ca. 3080m2 BTA (brutto).  Inkluderer salar og støttefunksjonar, kjøkken, fellesareal,  folkebibliotek, frivilligsentral og kulturskule. Folkebadet  er 16,67x9,5m med stuping, terapi og opplæringsbasseng  (10x7m), Barnebasseng (<b>35m2</b>) m.m. Sjå romprogram  for detaljar (rapport 2013 frå Plannemnda. Sjå vedlagt  rapport. NB: Ikkje vedlagt høyringa).</p> <p>Brutto prosjektkostnad:  Folkebad 68 250 000  Kulturdel 126 280 000  <u>Sum 194 530 000</u>  -10 000 000 Private aktørar  -4 500 000 Tippemidlar  -48 632 500 MVA  <u>Sum 131 397 500</u> (netto prosjektkostnad)</p> <p><b>FDV-kostnad</b>  Kulturdel 1 694 000 3080m2 BTA kr. 550.-/år  Basseng 1 205 750 1855m2 BTA kr. 650.-/år  Sum 2 899 750  Relativ 714 950 Meir enn alt. 1 pr. år</p> <p><b>4. Folkebad jfr. oppstartsvedtak (nov-2013),  erstatning for Soltun, og kulturskule/frivilligsentral  med sambruk skule</b>  Kulturhusdel på til saman ca. 2752m2 BTA (brutto). Sjå  vedlagt rekneark «Vurdering av sambruk kulturskule-  Gossen BUS. Inkluderer salar og støttefunksjonar,  kjøkken, fellesareal, folkebibliotek, og kulturskule.  Folkebadet er 16,67x9,5m med stuping, terapi og  Opplæringsbasseng, barnebasseng m.m. Sjå romprogram.</p>		
--	---	--	--

Sak	Tekst	Ansv.	Frist
-----	-------	-------	-------

	<p>Brutto prosjektkostnad:  Basseng 68 250 000  Kulturdel 112 832 000 (-13 448 000,-)  <u>Sum 181 082 000</u>  -10 000 000 Private aktører  -4 500 000 Tippemidler  -45 270 500 MVA  <u>Sum 121 311 500 (netto prosjektkostnad)</u></p> <p><b>FDV-kostnad</b>  Kulturdel 1 513 600,- 2 752m2 BTA kr. 550.-/år  Basseng 1 205 750,- 1 855m2 BTA kr. 650.-/år  Sum 2 719 350,-  Relativ 534 550,- meir enn alt. 1 pr. år</p> <p>FDV-kostnad for dette alternativet er ca. -180 000-200 000,- redusert pr. år jfr. alt. 3.</p> <p><b>25-meters basseng</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 25 meter lengde med 6 banar gjev grunnlag for å</li> <li>• søke om tippemidler.</li> <li>• Maks beløp er 17 mill. kr.</li> <li>• Medfører auka brutto inv. kostnad på ca. 12,5 mill.</li> <li>• Netto kostnad alt. 3 er redusert med ca. 3,2 mill. om ein får MVA-komp. for heile beløpet. Dette må sjekkast nærare.</li> </ul> <p><b>3. Folkebad med 25m basseng, erstatning for Soltun, og kulturskule</b>  Elles er omfang på folkebadet likt oppstartsvedtaket i kommunestyret.</p> <p>Brutto prosjektkostnad  Folkebad 80 601 000  Kulturdel 126 280 000  <u>Sum 206 881 000</u>  -10 000 000 Private aktører  -17 000 000 Tippemidler  -51 720 250 MVA  <u>Sum 128 160 750 (ca. -3,2 mill. under alt. 3)</u></p> <p>Kommentar: Har brukt 69 000,-/m2 ekstra vassareal og ikkje 250 000,- Dette er fordi at alle andre areal er tenkt lik alt. 3. Kontrollert mot anlegg under bygging.</p> <p><b>FDV-kostnad</b>  Kulturdel 1 694 000,- 2752m2 BTA kr. 550.-/år  Basseng 1 322 100,- 2 034m2 BTA kr. 650.-/år  Sum 1 077 520,- Relativ kostnad</p>		
--	---	--	--

Sak	Tekst	Ansv.	Frist
	<p>468 520 Meir enn alt. 3 pr. år</p> <p>Rådmannen skriv saksframlegg der forslag til «revidert prosjekt» med alternative løysingar vert lagt fram.</p> <p><i>*Etterskrift: Endra fordi saka skal opp i kommunestyret desember 2016.</i></p>	IHR/TU	*21.11.16
<b>KR-02.2</b>	<b>TILBAKEMELDING FRÅ HØYRINGA</b>		
	<p>Det kom svar frå Kulturavdelinga, Forsamlingshuset Soltun AS og Gossen barne- og ungdomsskole. Sjå vedlegg.</p> <p>Nokre tilbakemeldingar frå høyringa:</p>		
	<b>Plassering av skulebibliotek?</b>		
	<p>Kulturavdelinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Konklusjonen blir derfor at folkebiblioteket er best tent med å vere nettopp eit folkebibliotek, og at det vil fungere godt i eit kulturhus med andre kulturaktørar tett innpå.</li> </ul> <p>Forsamlingshuset Soltun AS:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Har ikkje svart konkret på dette spørsmålet.</li> </ul> <p>Gossen barne- og ungdomsskole</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• At skulebiblioteket blir saman med folkebiblioteket kan styrke tenesta. Skulebibliotek er lovpålagt av en grunn. For å oppfylle måla i kunnskapsløftet er det ein føresetnad at elevane har tilgang på eit velfungerande skulebibliotek.</li> </ul>		
	<b>Oppfyller dei ulike alternativa målsettinga med prosjektet?</b>		
	<p>Frå utkast til driftsplan:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li><input type="checkbox"/> vere ei storstue for heile kommunen.</li> <li><input type="checkbox"/> vere ein stad for produksjon, aktivitet og oppleving</li> <li><input type="checkbox"/> vere ein pådrivar i kommunens omdømmebygging</li> <li><input type="checkbox"/> vere med å utvikle kommunen med sine kvalitetar til ein enda betre bukommune for dei som bur her og dei som ynskjer å flytte hit.</li> <li><input type="checkbox"/> legge vekt på estetiske og arkitektoniske kvalitetar når det gjeld byggets eksteriør og interiør.</li> <li><input type="checkbox"/> Vere med å bidra til auka handel og næringsverksemd</li> </ul> <p>Kulturavdelinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Slik vi ser det så vil ikkje alternativ 4 oppfylle målsettinga med prosjektet som seier at kulturhuset skal være eit levande hus der produksjon, aktivitet og oppleving står i fokus. Dersom all aktivitet i Kulturskolen og frivilligsentralen vert flytta til</li> </ul>		

Sak	Tekst	Ansv.	Frist
	<p>skolen vil denne funksjonen som vi ser på som den viktigaste for prosjektet forsvinne.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Når rom som er knytt til kulturskole og frivilligsentral i plana vert tatt ut vil det også få konsekvensar for aktivitet retta mot frivillige lag og organisasjonar og spesielt tilbodet som var tenkt retta mot ungdom.</li> <li>• Å få bevege seg frå øverom til scene har vore eit ønskje for kulturskolen i ei årrekke. Både med tanke på den muligheita som ligg i å kunne ta i bruk scena som øverom utan å måtte planlegge dette lang tid i forvegen og ikkje minst sleppe å bruke tid og ressursar på rigging og flytting av utstyr for kvar produksjon vi skal ha.</li> </ul> <p>Svar frå Forsamlingshuset Soltun AS</p> <p>«Vi mener at det er alternativ 3: Folkebad, erstatning for Soltun, frivilligsentral og kulturskole, med 25-meter basseng som oppfyller krava. Størrelse på tilskudd til 25 m basseng er avgjørende for å velge det framfor basseng på 16 m. Dette alternative vil gi oss et levende hus som er i bruk hele døgnet og vil danne grunnlag for så mye aktivitet, liv og røre i sentrum som mulig. Det skal være en møteplass på tvers av generasjoner og med lav terskel inn. Det er her vi vil få den beste effekten av investeringen. Å samle alt under samme tak vil være rasjonelt og gi større slagkraft for hver enkelt aktør. Ved å samle aktiviteter med åpningstid for publikum på kveldstid kan en spare penger på drift i forhold til om de var spredt utover forskjellige bygg.»</p>		
	<p><b>Kva er viktigast for prosjektet om noko skal prioriterast?</b></p>		
	<p>Kulturavdelinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Behalde konseptet slik det tenkt i oppstartsvedtaket frå 2013 og heller sjå på korleis det kan optimaliserast med fokus på investering/drift.</li> </ul> <p>Forsamlingshuset Soltun AS:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Viktig at det nye kulturhuset blir et forsamlingshus med kino, scene, sal, garderobe, lager og kjøkken.</li> <li>• Godt med lagerplass</li> </ul>		
	<p><b>Alle alternativa legg opp til stor grad av sambruk av lokalar for ulike brukargrupper. Dette gjeld spesielt for alternativ 4 som har sambruk av eksist. lokalar i skulen. Tankar og synspunkt?</b></p>		

Sak	Tekst	Ansv.	Frist
	<p>Kulturavdelinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ikkje heldig å splitte administrasjon og undervisning for kulturskulen.</li> <li>• Viktig å ikkje splitte opp tenestetilbodet Frivilligsentralen no har bygd opp.</li> <li>• Vist i tabell deira tankar og konsekvensane med sambruk.</li> <li>• Ynskjer samarbeid med skulen, men ikkje sambruk slik det her er presentert.</li> <li>•</li> </ul> <p>Forsamlingshuset Soltun AS</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• «Alternativ 4 med sambruk med skole ser vi på med store utfordringer, både logistikk og drifta vil vere vanskelig. Det vil kreve mer tilrettelegging av de eksisterende byggene, det blir for lite lagerplass og det blir utfordrende å oppbevare og sikre verdier og materiale. Da må de nåværende byggene sannsynligvis bygges om, og da er vi vel like langt?»</li> </ul>		
	<p><b>Omfang på ulike variantar av folkebad. Fordelar og ulemper ?</b></p>		
	<p>Kulturavdelinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li><input type="checkbox"/> Vår anbefaling er at det no berre blir teke avgjerd om ei økonomisk ramme for investering i nytt bassenganlegg. Det er nødvendig å bruke meir tid for å kome fram til den mest optimale investering og drift.</li> <li><input type="checkbox"/> Når det gjeld storleik på basseng og kva type basseng som skal veljast, bør vi vurdere dette opp i mot optimal utnytting av tilskotsordningar, investering- og driftskostnader.</li> </ul> <p>Gossen barne- og ungdomsskole:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li><input type="checkbox"/> Å få på plass eit nytt basseng er svært viktig for skolen og for elevane. Opplæringskrava er skjerpa: Kompetansemål etter 4.årssteg er bl.a: «leike og utføre grunnleggjande øvingar med vasstilvenning som å dykke, flyte, gli, skape framdrift, hoppe uti og orientere seg i vatn</li> <li><input type="checkbox"/> vere svømmedyktig ved å falle uti på djupt vatn, symje 100 meter på magen, og undervegs dykke ned og hente ein gjenstand med hendene, stoppe og kvile i 3 minutt (imens flyte på magen, orientere seg, rulle over, flyte på rygg); så svømme 100 meter på rygg og ta seg opp på land»</li> </ul>		



Sak	Tekst	Ansv.	Frist
	<p>Norge er eit land omkransa av hav og med mange fjordarmer, innsjøar og vassdrag. Aukra er ikkje noko unntak! Å lære å symje tidleg i barndommen er derfor viktig for å kunne delta i og vere fortruleg med ulike aktivitetar i og ved vatn. Skolen når alle ungane og blir derfor svært viktig innan symje- og livredningsopplæringa. Det er eit felles ansvar å hindre at drukningsulykker skjer, og skolen skal bidra til at elevane får ferdigheiter som set dei i stand til å kunne berge seg sjølv og andre.</p> <p><input type="checkbox"/> Eit 25 m basseng er framtidsretta, ein kan ha større grupper der og det kan nyttast av idretten på fritida.</p>		
<b>KR-02.3</b>	<b>KOMMENTARAR OG INNSPEL FRÅ REFERANSEGRUPPA</b>		
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Undervisning av enkeltelevar frå kulturskulen (på Gossen BUS) kan vere eit alternativ for å redusere arealbehov i det nye kulturhuset.</li> <li>• Sambruk av lokalar i ny skule i sentrum var også vurdert i 2013 av kulturhusrådsgjevar Nils Gunnerud. (sjå vedlagt rapport frå plannemnda) Konkret forslag på korleis dette kunne løysast og ein eventuell redusert investerings- og driftskostnad var det da ikkje sett på.</li> <li>• Driftsplana var ikkje ferdigstilt i 2013. Sambruk av lokalar og andre tiltak kan sikkert optimaliserast i prosjektet.</li> <li>• Driftsinntekter og utgifter for kulturhuset var også vurdert i 2013. Dette må vurderast nærare i arbeide med driftsplana i neste fase.</li> <li>• Basseng med 25meter var ikkje med i oppstartsvedtaket. Ramma for tilskudd er no 17 mill.</li> <li>• Kapasitet og inntekt vil auke med 25m basseng og bassenget kan delast i to og drive med ulike aktivitetar.</li> <li>• Medfører 25m basseng meir vakthald ?</li> <li>• Må prioritere omfang av basseng ut i frå behov og dei anlegga som er i nærområde.</li> </ul>	Info	

Sak	Tekst	Ansv.	Frist
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Framdrift: Ønske om å gjennomføre raskare enn det rådmannen har signalisert: Oppstart bygging i 2019 med tidigast ferdigstilling i 2021. Prosjektleiinga viste at same framdrift som omsorgssenteret i dei kommande fasane vil gje ferdig bygg i 2021. Kulturhus og basseng er på mange måtar eit meir krevjande prosjekt både med omsyn til fleire brukargrupper og byggteknisk kompleksitet, framdrifta bør difor ikkje forserast.</li> <li>• Plassering av skulebiblioteket kan gje kulturhuset og biblioteket noko ekstra. Bør ein da ikkje sjå nærare på dette?</li> <li>• Innspel frå næringslivet er interessant og prosjektet kan legge til rette for dette. Prosjektleiinga viste til at både ordførar og adm. har hatt møter med Aukar Næringsforum kring dette. Begge deltok også i eit frukostseminar i regi av Aukra Næringsforum.</li> </ul>		